



Felles eigarstrategi for Vest-Telemark Kraftlag AS

Vedteken av Vinje kommunestyre i sak 18/71 20.9.2018

INNHALD

1	INNLEIING OG BAKGRUNNEN FOR EIGARSKAPEN	3
2	FØREMÅL MED EIGARSKAPEN	3
3	FORVENTNINGAR TIL UTVIKLINGA I SELSKAPET	5
4	FORVENTNINGAR TIL AVKASTING, UTBYTE OG KAPITALISERING .	6
4.1	Verdiutvikling og utbyte.....	6
4.2	Kapitalisering av selskapet	6
5	EIGARDIALOG OG STYRINGSMODELL.....	7
5.1	Styringsmodell.....	7
5.2	Styresamansetjing	7
5.3	Eigarmøte	7
5.4	Annan rapportering	8
6	VEDLEGG	8
6.1	Gjeldande aksjonæravtale	8
6.2	Instruks for styret	8

1 INNLEIING OG BAKGRUNNEN FOR EIGARSKAPEN

Vest-Telemark Kraftlag AS (heretter VTK) er i dag eigd av kommunane Fyresdal (19%), Kviteseid (19%), Seljord (19%), Tokke (19%), Vinje (19%) og Nissedal (5%). Heretter omtalt som «eigarane».

VTK blei stifta 13. september 1940 av kommunane Kviteseid, Seljord, Lårdal, Mo og Vinje. Selskapet var då eit selskap med avgrensa ansvar (BA). Fyresdal blei med i 1948 og Nissedal i år 2000 ved at VTK overtok Nissedal Kommunale Elektrisitetsverk (NKE).

VTK blei omdanna til aksjeselskap 1. januar 2002, og selskapet fekk samstundes nye vedtekter. Den innskotne eigenkapitalen er på 140 MNOK, samansett av aksjekapitalen på 100 millionar kroner og 40 millionar kroner i overkursfond. Aksjekapitalen er fordelt på 100 000 aksjar i dag.

Hovudkontoret er i Høydalsmo i Tokke kommune, og selskapet har eit avdelingskontor i Treungen i Nissedal kommune. Selskapet driv med kraftproduksjon, kraftomsetjing, nett- og breibandsverksemd.

Produksjonsverksemda er organisert gjennom selskapa Skafså Kraftverk ANS (67%), Sundsbarm Kraftverk DA (8,5%) og Grunnåi Kraftverk AS (15%). Totalt har selskapet deleigarskap i produksjon tilsvarande om lag 250 GWh. Selskapet har over 14 000 nettkundar.

Breibandsverksemda er todelt. VTK byggjer, eig og driv fiberstamnett og -aksessnett. Dette nettet er leigt ut til Telefiber AS (eigd 40 % av VTK), som leverer internettjenester til sluttkunden. Bokført verdi på fibernettet til VTK var 80 MNOK per 31.12.17.

Konsesjonsområdet til nettselskapet dekkjer eigarkommunane, med unntak av Fjågesund i Kviteseid, Felle og Haugsjø i Nissedal og Rauland i Vinje. Kraftomsetjingsverksemda tilbyr straumavtale berre til kundar i Vest-Telemark.

VTK har også eigen pensjonskasse.

2 FØREMÅL MED EIGARSKAPEN

Eigarane har maksimal verdiskaping som eit felles forretningsmessig mål for eigarskapen i VTK, slik det har vore dei siste 10 åra. Unntaket frå dette kravet er eigarvedtaket om at selskapet skal formidle kraftsal til eigne innbyggjarar utan anna påslag enn elsertifikat og eventuell dekking av administrative kostnader. Styret må vurdere behovet for å legge på eit påslag for dekke selskapets administrative kostnader med kraftsal.

Eigarane ser at VTK har ei **viktig samfunnsrolle**; - som eit reiskap for å sikre lokal styring og kontroll over straumforsyninga og investeringane i straum- og fibernettet. Dette for å sikre høg forsyningstryggleik også i spreiddbygde område og moderne infrastruktur i heile Vest-Telemark.

Eigarane har eit langsiktig perspektiv på eigarskapen i VTK. Dette inneber eit ønske om å taka vare på eksisterande verdiar, og å utvikle nye forretningsmoglegheiter tufta på den kompetansen og dei ressursane VTK har. Her tenkjer ein på drift og utbygging av kraftproduksjon, nett- og fiberinfrastruktur, og kraftomsetjing.

I eigaransvaret ligg ei plikt til å fylgje opp eigarskapen. Dette dokumentet gjev uttrykk for kva eigarane ventar seg av selskapet, og dreg opp retningsliner for ein god og konstruktiv dialog mellom selskapet og eigarane.

3 FORVENTNINGAR TIL UTVIKLINGA I SELSKAPET

Kva eigarane ventar seg av vekst og utvikling av VTK i framtida:

1. Eigarane ventar at selskapet moderniserer, effektiviserer og utviklar verksemda vidare. Det er ønskjeleg å utvikle forretningsmoglegheiter og investeringsprosjekt innanfor verksemda i dag. Ein føreset at alle investeringar skal vera tufta på forretningsmessige prinsipp. Dette inneber blant anna at nødvendige reinvesteringar i kraftnettet skal gjerast på ein optimal måte i høve til den til ei kvar tid gjeldande inntektsrammeregulering.
 2. Nettselskapet skal over tid vera minst like effektivt som eit gjennomsnittleg nettselskap i bransjen. Selskapet skal ha gode rutinar for internkontroll og risikostyring.
 3. Eigarane ventar at selskapet utarbeider langsiktige investeringsprognosar, og at styret til ei kvar tid vurderer korleis potensialet blir endra som ei fylgje av marknadsutviklinga og endra rammevilkår. Investeringsprognosen må liggje innanfor den ramma som fylgjer av kva eigarane ventar seg av kapitaliseringa i selskapet.
 4. Eigarane ventar at selskapet på førehand avklarar eventuelle vesentlege endringar i forretningsmodellen eller strategien med eigarane.
 5. Eigarane opnar for at VTK kan vurdere prinsipielle og strukturelle prosessar (oppkjøp, sal eller fusjon). Alle vesentlege strukturelle endringar (som påverkar meir enn 20 % av balansen) skal avklarast med eigarane.
 6. Eigarane ventar at selskapet ikkje utvidar verksemdsområdet sitt utan at det fyrst er avklara med eigarane.
-

4 FORVENTNINGAR TIL AVKASTING, UTBYTE OG KAPITALISERING

Avkastinga kan anten vera indirekte og koma til uttrykk gjennom verdistiginga på dei underliggjande aktiva, eller direkte i form av utbytte og/eller renter på ansvarlege lån.

4.1 Verdiutvikling og utbytte

Eigarane ventar at leiinga i selskapet til ei kvar tid arbeider for at verdiane i selskapet aukar i eit langsiktig perspektiv.

Utbyttepolitikken skal gjeva retninga for styret og leiinga, men er ikkje bindande.

Eigarane er samde om å leggje til grunn ein resultatbasert utbyttepolitikk i VTK. På lang sikt skal politikken tilpassast det behovet selskapet har for kapital til reinvesteringar og utvikling. Eigarane ønskjer eit pårekneleg årleg utbytte.

Over tid vil det vera rimeleg at 50 prosent av årets konsernresultat etter skatt blir delt ut til eigarane. Eigarane ventar at selskapet innrettar drifta og dei finansielle tiltaka slik at det er i stand til å innfri det eigarane ventar av utbytte på lang sikt. Eigarane ventar at selskapet legg fram ein utbytteprognose for dei komande 4 åra på dei årlege eigarmøta. Grunnlaget for utbyttet i selskapet og kva eigarane ventar av utbytte, skal drøftast årleg i eigarmøtet. Styret innstiller på utbyttet til generalforsamlinga.

4.2 Kapitalisering av selskapet

Eigarane føreset at styret sikrar ei forsvarleg, langsiktig kapitalisering av selskapet med ein balansert kapitalstruktur (gjeld og egenkapital), med sikte på å gjeva eigarane ei god og langsiktig avkastning av egenkapitalen. Selskapet skal halde oppe ein soliditet (bokført egenkapital i høve til totalkapital) som gjev den beste innlånsrente hjå selskapet sin hovudbank eller annan långjevar.

Behovet for egenkapital i selskapet må sjåast i høve til fleire faktorar: kva inntening selskapet til ei kvar tid ventar seg, kapitalbehovet knytt til rehabilitering og oppgradering av eksisterande anlegg, og behov for kapital til nye forretningsmessige investeringar. Ein ventar at styret, m.a. på eigarmøta, legg fram eit eventuelt kapitalbehov for eigarane så tidleg som råd.

Dersom VTK utviklar attraktive investeringsprosjekt innanfor verksemda, og dei krev meir kapital enn selskapet har midlar til, ventar eigarane at styret vurderer moglege finansieringstiltak som t.d. å frigjera kapital gjennom sal av verksemdar, tilførsel eller konvertering av ansvarlege lån og /eller ny egenkapital, eller å inngå samarbeidsmodellar med andre. Styret avklarar slike spørsmål med eigarane.

5 EIGARDIALOG OG STYRINGSMODELL

5.1 Styringsmodell

VTK blir styrt som eit ordinært aksjeselskap med generalforsamling, styret og dagleg leiar som styringsnivå. Eigarane styrer selskapet gjennom vedtak på generalforsamlinga, og i tråd med denne eigarmeldinga. Ordførarane har delegert mynde frå kommunestyra til å stille i generalforsamlinga.

Oppgåvene til styret i aksjeselskapet er regulerte i Lov om aksjeselskap, i hovudsak § 6. Instruks for styrets arbeid i VTK er vedteke 26.10.2007.

5.2 Styresamansetjing

Styret bør setjast saman slik at det kan taka vare på interessene til eigarfellesskapen og behovet selskapet har for kompetanse og mangfald. Styret skal ha ein samla kompetanse som set det i stand til å utføre oppgåvene sine på ein god måte. Det gjeld ansvaret med å føre tilsyn med den daglege leiinga i selskapet så vel som å vera ein ressurs for utviklinga av strategien. Det vil vere ein føremøn at styret samla bør ha kompetanse innan område som juss, økonomi og finans, teknikk, HMS og risikostyring, og røynsle frå styrearbeid eller leiing av næringsverksemd.

Ordførarane i eigarkommunane utgjer valnemnd og skal saman drøfte styrerepresentasjonen. Leiaren av rådmannsutvalet er sekretær for valnemnda. Valnemnda innstiller til generalforsamlinga (GF), som vel 6 eigarvalde styremedlemer med rekkjefølgjevara. Det skal vera 3 menn og 3 kvinner både i styret og blant varamedlemene. Dei tilsette skal i tillegg velje 2 styremedlemer med varamedlemer. Alle medlemer og varamedlemer blir valde for 2 år.

5.3 Eigarmøte

Det skal haldast minst eitt årleg eigarmøte. Føremålet med møtet er todela:

1. Samordne og avklare problemstillingar kring eigarskapen
2. Etablere ein kontinuerleg styringsdialog med selskapet (representert med styret/administrerande direktør), der òg viktige og prinsipielle saker kan diskuterast.

Eigarmøta skal vera ein møteplass der selskapet skal orientere eigarane om utviklinga knytt til strategi, økonomi, investerings- og finansieringsplanar, og om generelle utviklingstrekk i bransjen. Rådmannen og ordføraren i kvar eigarkommune kan representere eigarane. Eigarmøta skal gjeva høve til å drøfte regelmessig aktuelle saker for selskapet og eigarane, slik at selskapet til ei kvar tid er i stand til å tilpasse planane sine til overordna føringar frå eigarane. Vedtak som krev eigargodkjenning kan berre gjerast av generalforsamlinga.

Framlegg til agenda for eit fast årleg eigarmøte (helst i januar):

- Gjennomgang av resultatet for fjoråret og realisert avkasting (førebels tal)
- Nykeltal for konsernet og for kvart verksemdsområde, i høve til bransjen elles
- Prognose/budsjett for inneverande år og komande 4 år, medrekna nivået på utbyttet ut frå den gjeldande utbyttepolitikken
- Gjennomgang av strategiplanen, ev. med djupdykk i utvalde tema knytte til dei eksterne rammevilkåra for selskapet
- Gjennomgang av langtidsprognosar, medrekna investeringsplanar og vurdering av kapitaliseringa i selskapet

Det er venta at selskapet utarbeider, og fylgjer, prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing i samsvar med tilrådinga frå NUES¹ og med føringane i eigarstrategien.

5.4 Annan rapportering

Rapportering til konsesjonskraftstyret i Telemark:

Eigarane ventar at VTK utan oppmoding rapporterer forbruket til alminneleg forsyning i kvar av eigarkommunane til konsesjonskraftstyret, samstundes med at VTK rapporterer dette til statlege styresmakter (normalt i mars). Vidare ønskjer eigarane at VTK rapporterer ei spesifisering av forbruket på næringskodar til konsesjonskraftstyret i Telemark, straks etter generalforsamlinga i VTK.

6 VEDLEGG

6.1 Gjeldande aksjonæravtale

6.2 Instruks for styret

¹ Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse (NUES)
